

**Saksframlegg**

---

Saksnummer	Møtedato	Utval
PS 2021/1	4.02.2021	Viltutvalet

**Forslag om endring av minsteareal for elg og hjort****Vedlegg**

- 1 GJENNOMSNITLEG SLAKTEVEKT ELG 2011-2020**
- 2 GJENNOMSNITLEG SLAKTEVEKT HJORT 2011-2020**

**Innstilling frå administrasjonssjefen**

Med heimel i § 5 og 6 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt av 08.01.2016 vedtek Lom viltutval å legge framlegg til ny forskrift om minsteareal for elg-, hjort- og rådyrjakt i Lom kommune ut til høyring:

§ 1. Det er høve til å drive jakt etter elg, hjort og rådyr i Lom kommune.

§ 2. Minsteareal for godkjenning av hjortevald og grunnlag for fordeling av fellingskvote for hjort er 1500 daa.

**Alternativt:**

*§ 2. Minsteareal for godkjenning av hjortevald og grunnlag for fordeling av fellingskvote for hjort er 1250 daa.*

§ 3. Minsteareal for godkjenning av vald og grunnlag for fordeling av fellingskvote for rådyr er 3000 daa.

§ 4. Minsteareal for godkjenning av elgvald og grunnlag for fordeling av fellingskvote for elg er 5 000 daa

**Alternativt:**

*§ 4. Minsteareal for godkjenning av elgvald og grunnlag for fordeling av fellingskvote for elg er 4000 daa*

§ 5. Forskrifta trer i kraft 15.03.2020. Samstundes opphevast FOR-2018-03-14-362 Forskrift om minsteareal for elg-, hjort- og rådyrjakt, Lom kommune, Oppland

Fastsett av viltutvalet i Lom kommune den xx.03.2021 med heimel i lov 29. mai 1981 nr. 38 om jakt og fangst av vilt (viltloven) § 16 og forskrift av 8. januar 2016 nr.12 om forvaltning av hjortevilt § 5 og § 6.

## Vedtak:

Med heimel i § 5 og 6 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt av 08.01.2016 vedtek Lom viltutval å legge framlegg til ny forskrift om minsteareal for elg-, hjort- og rådyrjakt i Lom kommune ut til høyring:

§ 1. Det er høve til å drive jakt etter elg, hjort og rådyr i Lom kommune.

§ 2. Minsteareal for godkjenning av hjortevald og grunnlag for fordeling av fellingskvote for hjort er 1250 daa.

§ 3. Minsteareal for godkjenning av rådyrvald og grunnlag for fordeling av fellingskvote for rådyr er 3000 daa.

§ 4. Minsteareal for godkjenning av elgvald og grunnlag for fordeling av fellingskvote for elg er 4000 daa.

§ 5. Forskrifta trer i kraft 15.03.2020. Samstundes opphevast FOR-2018-03-14-362 Forskrift om minsteareal for elg-, hjort- og rådyrjakt, Lom kommune, Oppland.

Fastsett av viltutvalet i Lom kommune den xx.03.2021 med heimel i lov 29. mai 1981 nr. 38 om jakt og fangst av vilt (viltloven) § 16 og forskrift av 8. januar 2016 nr.12 om forvaltning av hjortevilt § 5 og § 6.

Samrøystes vedteke.

## Saksutgreiing

Fristen for vald, grunneigarlag og andre for å foreslå endringar i minstearealet for storvilt er 15. januar. Lom kommune har motteke følgjande forslag frå Bøverdalen viltområde:

### *Elg:*

*Bøverdalen viltområde vil med dette fremje forslag om å endre minstearealet for elg frå 5000 da til 3500 da.*

*For å forsøke redusere bestanden av elg til eit nivå som oppfyller kommunale målsettingar har Bøverdalen v.o. dei siste 6 åra søkt og fått tildelt fellingsløyver med fråvik frå minstearealet. Trass i høg avskyting synes bestanden å være stabilt høg eller aukande. Bestandstørrelsen gjev konflikt med jord- og skogbruk. Enkelte vinterbeite-områder er synleg påverka av høgt beitepress..*

### *Hjort:*

*Minstearealet for hjort har dei siste åre vore mellombels redusert frå 2000 til 1500 da. Bøverdalen viltområde meiner at minstearealet må endrast fast til 1500 da. Dette gjev ei kvote på 100 dyr pr. år. Sist haust vart det skote 92 hjortar i Bøverdalen viltområde. Observasjonar og meldingar etter avslutta jakt syner at det framleis er ei høg stamme med til dels store samlingar av hjort på innmark over store delar av viltområdet. Bestandstørrelsen gjev konfliktar med jordbruksinteressene.*

Vidare har kommunen motteke søknad frå Vårdalen grunneigarlag/ Vårdalen utmarkslag om større hjortekvote. Det blir her vist til tidlegare års søknad. I søknad motteken januar 2020 sto det:

*Slik vi erfarer, er hjortestammen i Vårdalen altfor stor og vi ber difor om reduksjon av minstearealet for hjort frå 1500 daa til 1000 daa slik at vi får teke ut eit større tal hjort.*

*Det vert observert flokkar av hjort på innmark og ein ser dagleg ferske spor av hjort som kryssar riksvegen i Vårdalen. Til dømes gjekk det 25 hjortar på jordet på Sygard Brimi kvelden den 050120 og det har i løpet av hausten og i julehelga vore fleire hjortepåkjørslar i Vårdalen.*

*Når som helst kan hjort krysse vegen. Hjorten har trekk fleire plassar over riksveg 15 gjennom Garmo og Vårdalen og det er heile tida fare for at ein kan køyre på vilt, særleg hjort. Påkjørslar utgjør fare for liv og helse på menneske og påfører store lidingar på dyra som vert liggjande hardt skadde og lemlesta i vegen/grøfta. Fartsgrensa gjennom Vårdalen er 80 km/t noko som aukar risikoen for viltpåkjørslar og skadeomfang.*

*Landbruket opplever skadar på beite på innmark, på forlager og på skog- og plantefelt. Dette er alvorleg for brukarane som vert råka.*

*Vi ber viltnemnda vurdere hjorten sin kondisjon. Vårt inntrykk er framleis at dyra har vorte lettare og at kondisjonen til hjorten er i ein nedadgåande trend grunna den store stammen. Vi fryktar at stor hjortestamme kan føre til sjukdommar og auka smittepress..*

## **Elg:**

Minstearealet for elg i Lom kommune har vore 5.000 daa sidan 2012, da vart den sett ned frå 8.000 daa. Dette betyr at det i utgangspunktet skal tildelast 1 fellingsløyve pr. 5.000 daa teljande areal. Kommunen kan likevel velje å fråvike dette ved å nytte 50%- regelen i § 7 i hjorteviltforskrifta. Alternativt kan vald som er store nok til å ha eigen bestandsplan (teljande areal minimum 20 x minstearealet) sjølv foreslå eit høgare uttak enn det minstearealet tilseier – dette gjeld i dag berre Bøverdalen viltområde/ vald (meir om dette seinare i saksutgreiinga).

Det er berre Bøverdalen viltområde som har teljande areal som er stort nok til å bli godkjent som bestandsplanområde for elg (teljande areal minimum 20 x minstearealet). Vald med godkjent bestandsplan får i utgangspunktet tildelt ein fleirårig fellingskvote som består av frie løyver, og set sjølv opp kjønns- og aldersfordelinga i uttaket (skal godkjennast av kommunen/ viltutvalet).

For Bøverdalen viltområde kan det derfor godkjennast fleirårig driftsplan og avskytingsavtale, men leiinga i valdet har i fleire år søkt om fellingskvote for elg år for år, for å kunne følgje bestands-utviklinga tett og om nødvendig justere uttaket frå eit år til neste. Som det går fram av tabell i saks-utgreiinga nedanfor har § 7 i hjorteviltforskrifta vore nytta i de seinare år, i 2020 vart kvoten auka frå 32 til 37 løyver, medan "normaltildeling" etter minsteareal tilseier 30 løyver. Det stemmer slik det går fram av søknaden, at det er mindre ønskjeleg at 50%-regelen i § 7 blir nytta permanent/ over lang tid.

Dei andre storviltvalda – inkludert Skaihø viltområde (med dagens minsteareal) – er ikkje store nok til å bli godkjent som bestandsplanområde for elg, og får derfor tildelt fellingskvote år for år, der kvoten skal vere fordelt på kalv, vaksne hodyr (1 ½ år og eldre), og vaksne hanndyr (1 ½ år og eldre).

Om minstearealet blir redusert til 4.000 daa eller 3.500 daa vil Skaihø vere stort nok til å bli godkjent som eige bestandsplanområde, og kan dermed søkje om å få godkjent ein fleirårig bestandsplan.

Tabellen nedanfor viser «Normaltildeling» for elg (teljande areal for valdet : minsteareal):

Vald:	Bøverdalen viltomr.	Skaihø viltomr.	Garmo – samla for alle 4 vald
Teljande areal	151.000 daa	84.550 daa	
<b>Gjeldande minsteareal 5.000 daa</b>	<b>30 løyver/ år (15 - 60)</b>	<b>16 løyver/ år</b>	<b>11 løyver/ år</b>
"Normaltildeling" v/ 4.000 daa minsteareal	37 løyver/år (25 – 75)	21 løyver/ år (14 – 42)	15 løyver/ år
Normaltildeling v/3500 da minsteareal (som omsøkt)	43 løyver/år (22 - 86)	24 løyver/år (12 – 48)	17 løyver/år
Tal på fellingsløyver 2020	37 løyver	16 løyver	11 løyver
Tal på fellingsløyver 2019	32 løyver	16 løyver	11 løyver
Tal på fellingsløyver 2018	32 løyver	16 løyver	11 løyver

Nedanfor følgjer ein del talmateriale som kan vere til hjelp når ein skal vurdere den seinare tids bestandsutvikling for elg i Lom kommune generelt og i Bøverdalen spesielt:

#### Avskyting og fellingsprosent 2018 – 2020

	2018			2019			2020		
	Avsk.plan /kvote:	Felt:	%	Avsk.plan /kvote:	Felt:	%	Avsk.plan/ kvote:	Felt:	%
<b>Vald i Garmo samla</b>	11	<b>12</b>	109	11	<b>11</b>	100	11	<b>10 *)</b>	91
<b>Skaihø viltområde</b>	16	<b>13</b>	81	16	<b>14</b>	87	16	<b>13</b>	81
<b>Bøverdalen viltområde</b>	32	<b>28</b>	87	32	<b>31</b>	97	37	<b>34</b>	92
<b>Lom totalt (inkl. felt i Vågå)</b>	59	<b>53</b>	89	59	<b>56</b>	95	64	<b>57</b>	89

\*) 3 dyr felt i Vårdalen vart kassert av ulike årsaker, og er ikkje med i statistikken.

#### Vektutvikling kalv og åring:

Om vi ser på vektutvikling siste 10 år for heile kommunen (inkl. Skaihø-valda i Vågå), er det store variasjonar frå år til år, og dermed vanskeleg å sjå klare trendar i utviklinga. Gjennomsnittleg slaktevekt for kalv har dei siste 6 år variert mellom 58 og 65 kg, og var i 2020 nede på 58 kg. For åring er det relativt sett litt mindre variasjon, gjennomsnitt slaktevekt for åring var 113 kg. Det er ein liten oppgang frå 2019 til 2020, men er likevel lågare enn i 2017 og 2018. Det er ikkje berre bestandsstørrelsen som verkar inn på slaktevektene, årlege variasjonar i vintertilhøva, tidleg/ sein vår m.m. vil sannsynlegvis bety meir.

For det enkelte viltområde/ vald blir talmaterialet spinkelt, og dermed enno vanskelegare å trekke klare konklusjonar. I Bøverdalen var slaktevektene for åring spesielt låge i 2019, med 86 kg for 1 ½ års ku (berre 2 felt) og 104 kg for 1 ½ års okse. I 2020 auka vektene til 91 kg og 111 kg, men det er fortsatt vesentleg lågare slaktevekter for åring enn i 2017 og 2018.

Samandrag av vektstatistikk for elg 2011 – 2020 er vedlegg til saksutgreiinga.

#### Sett elg

Dei elektroniske sett-elg registreringane for 2020 (lagt inn av jaktleiarane i hjorteviltregisteret) viser ein nedgang i sette elg pr. jegerdag frå 2019 til 2020, både for Skaihø (størst nedgang) og for Bøverdalen. For Garmo-valda er det nedgang for Meadalen og Vårdalen, og oppgang for Graffer og statsallmenningen. Tidlegare år har det ofte vore dårleg samsvar mellom sett-hjort/ sett-elg og fellingsprosent. I 2020 er det ein viss nedgang i både sett-elg og fellingsprosent for elg.

## Hjort:

Minstearealet for hjort vart sett ned frå 3000 til 2000 dekar i 2018. I 2019 og 2020 søkte Vårdalen storviltvald om auka fellingskvote, dvs. redusert minsteareal, for hjort.

I 2019 sette Vilt og innlandsnemnda ned minstearealet for hjort for heile Lom kommune til 1500 daa for jaktseasonen 2019, ved å nytte 50%- regelen i § 7 i hjorteviltforskrifta. Dette vedtaket om 1.500 daa minsteareal vart seinare forlenga til å gjelde også for jaktseasonen 2020.

Pr. 2021 er derfor minstearealet for hjort 2.000 dekar i Lom kommune.

Tabellen nedanfor viser «normaltildeling» for hjort (teljande areal for valdet : minsteareal):

Vald:	Bøverdalen viltomr.	Skaihø viltomr.	Garmo – til saman for alle 4 vald
Teljande areal	151.000 daa	84.550 daa	
«Normaltildeling» v/2000 da minsteareal	75 løyver/ år (37 - 150)	42 løyver/ år (28 - 84)	28 løyver/ år
Normaltildeling v/1500 da minstear. (som i -19 og -20)	100 løyver/år (50 - 200)	56 løyver/år (37 – 112)	38 løyver/år
Normaltildeling v/1250 da minsteareal	120 løyver/år (60 - 180)	67 løyver/år (45 – 135)	46 løyver/ år
Normaltildeling v/1000 da minsteareal	151 løyver	84 løyver	59 løyver/år
Tal på fellingsløyver 2020	93 løyver *) **)	47 løyver *)	38 løyver
Tal på fellingsløyver 2019	93 løyver	47 løyver	38 løyver
Tal på fellingsløyver 2018	65 løyver	47 løyver	28 løyver

\*) bestandsplan      \*\*) vart auka til 100 (i samsv. med minstearealet) på slutten av jakta

Bøverdalen og Skaihø viltområde oppfyller arealkravet for å ha bestandsplan for hjort (teljande areal minimum 20 x minstearealet). Vald med godkjent bestandsplan får i utgangspunktet tildelt ein fleirårig fellingskvote som består av frie løyver, og set sjølv opp kjønns- og aldersfordelinga i uttaket (skal godkjennast av kommunen/ viltutvalet).

Om minstearealet blir redusert til 1.250 dekar vil Vårdalen vald oppfylle kravet til bestandsplan, om det blir redusert til 1.000 daa vil i tillegg Meadalen oppfylle kravet.

Etter § 7 i hjorteviltforskrifta kan minstearealet aukast/ minkast med opp til 50 % når bestands-messige tilhøve tilseier det; tall i parentes i tabellen ovanfor viser derfor min. og maks. tildeling for det enkelte år. Vald som er store nok til å ha eigen bestandsplan kan sjølve foreslå eit høgare uttak enn det minstearealet tilseier, med heimel i 50%-regelen. Kommunen sitt syn har tidlegare vore at § 7 i forskrifta berre bør nyttast etter ei samla vurdering for større vald eller bestandsplanområde, denne forskriftsheimelen har derfor hittil ikkje vore nytta for å redusere minstearealet/ auke fellingskvota for mindre enkeltvald.

Nedanfor følgjer ein del talmateriale som kan vere til hjelp når ein skal vurdere den seinare tids bestandsutvikling for hjort i Lom kommune generelt og i Vårdalen spesielt:

## Avskyting og fellingsprosent 2018 – 2020

Storviltvald:	2018			2019			2020		
	Avsk.plan /kvote:	Felt:	%	Avsk.plan/ kvote:	Felt:	%	Avsk.plan/ kvote:	Felt:	%
Vårdalen-Smådalen	1	0		1	0		1	0	
Meadalen	11	9		15	6		15	9	
Graffer	4	4		6	6		6	6	
Vårdalen	12	12		16	16		16	16	
<b>Garmo samla</b>	28	<b>25</b>	89	38	<b>28</b>	74	38	<b>31</b>	82
<b>Skaihø viltområde</b>	46,7 (50)	<b>42</b>	90	46,7 (50)	<b>47</b>	100	46,7 (50)	<b>50</b>	100
<b>Bøverdalen viltområde</b>	65	<b>58</b>	89	94	<b>79</b>	84	93 (100)	<b>95</b>	95
<b>Lom totalt (inkl. felt i Vågå)</b>	140	<b>125</b>	89	178	<b>154</b>	87	178 (185)	<b>176</b>	95

Fellingsprosent på 95 er uvanleg høgt for hjort. For 10 år sidan var fellingsprosenten i Lom ca 75.

#### Vektutvikling kalv og åring:

Om vi ser på vektutvikling dei seinare år for heile kommunen (inkl. Skaihø-felta i Vågå), var det litt auke i slaktevektene både for kalv og åring 2014 - 2016. Frå 2016 til 2017 var det ein kraftig reduksjon i slaktevektene for kalv (4-5 kg), og ein mindre reduksjon i slaktevektene for åring (ca 2 kg). I 2018 og 2019 gjekk slaktevektene for kalv litt opp att, og var uendra i 2020. For åring var det på nytt litt nedgang i slaktevektene i 2018 og 2019, omtrent uendra i 2020. Dei to siste åra har gjennomsnittleg slaktevekt for hokalv vore ca 29 kg, for hannkalv ca 30 kg. Gjennomsnittsvakta på åring har gått ned frå ca 54 kg i 2015-2016 til ca 50 kg i 2018-2019-2020.

For det enkelte viltområde/ vald blir talmaterialet for spinkelt til å trekke klare konklusjonar.

For valda i Garmo har slaktevektene for kalv gått litt opp att i 2020, medan vektene for åring har gått ned. I Bøverdalen og Skaihø er gjennomsnittleg kalvevekt omtrent uendra frå 2019 til 2020, medan gjennomsnittsvakta for åring er uendra i Bøverdalen og har gått opp for Skaihø. Jamt over er det store variasjonar frå år til år. Det er ikkje berre bestandstørrelsen som verkar inn på slaktevektene, årlege variasjonar i vintertilhøva, tidleg/ sein vår m.m. vil ha mykje å bety.

Samandrag av vektstatistikk for hjort 20010 – 2019 er er vedlegg til saksutgreiinga.

#### Sett hjort

Dei elektroniske sett-hjort registreringane for 2020 (lagt inn av jaktleiarane via hjortevilt-registeret) viser ein klar auke i talet på sett hjort pr. jegerdag samanlikna med 2019 for dei fleste vald, med unntak av Vårdalen (nedgang) og Meadalen (uendra, lågt tal). Sett-hjort for 2018 og 2020 ligg på ca same nivå for dei fleste vald. Talet på sette kalvar pr. kolle ligg konstant på ca 0,6, medan talet på sette koller pr. bukk har gått ned for dei fleste vald. Det siste samsvarer med dei seinare års mål om å legge avskytinga meir over på produksjonsdyr.

#### Trafikkfare - påkjørt hjort

Rv15 gjennom Vårdalen har lenge vore belasta med mykje hjortepåkjørsler, først og fremst strekninga frå Moabrue til Brimigardane. Registrerte hjortepåkjørsler i Vårdalen: 2015: 4 påkjørsler, 2016: 4, 2017: 4, 2018: 6, 2019: 6 og 2020: 10 påkjørsler.

### Sjukdomsfare - smittepress:

Smittepresset vil alltid vere større i bestandar som er unormalt store/tette. Problemstillinga er relevant, sidan det dei seinare åra har vore stort fokus på skrantesjuka-problemet.

Endring av forskrift om minsteareal må sendast ut på høyring til viltmyndigheitene i fylkeskommunen, til storviltvalda/ viltområda og til faglaga i landbruket før kommunen/ viltutvalet kan gjere endeleg vedtak.

### **Vurdering**

Det skal utarbeidast nye bestandsplanar/ avskytingsavtaler for dei vald som oppfyller arealkravet, gjeldande frå jaktseasonen 2021. Ved behandling av søknader om redusert minsteareal/ auka fellingskvoter i 2019 og 2020 vart det peike på at ei eventuell endring av kommunal forskrift for minsteareal bør vurderast i forkant av ny bestandsplanperiode. Samtidig bør også kommunen sine målsettingar for hjorteviltbestandane (jamfør hjorteviltforskrifta §5) vurderast på nytt.

Det går fram av § 6 i hjorteviltforskrifta at det er høve til å vedta ulike minsteareal for same art i ulike deler av kommunen. I Miljødirektoratet si rettleiing til forskrifta står likevel følgjande: *Hovedregelen er ett minsteareal per kommune for hver art. Det kan imidlertid fastsettes forskjellige minsteareal i ulike deler av en kommune dersom det er vesentlig forskjell på beitegrunnlag, bestandstetthet eller skadepress. I slike tilfeller bør grensene mellom områder med ulikt minsteareal følge klare skillelinjer i terrenget, eksempelvis større vassdrag, snauffjellstrekninger med videre.*

Bøverdalen viltområde foreslår ein reduksjon i minstearealet for elg frå 5.000 til 3.500 daa. For heile Lom kommune vil dette medføre ein auke i samla fellingskvote frå 57 til 84 løyver pr. år (utan bruk av 50%-regelen). På bakgrunn av tallmaterialet ovanfor er saksbehandlar tvilande til om elgbestanden i kommunen er stor nok til at det er grunnlag for ein så stor auke i uttaket, og innstiller på at minstearealet for elg bør stå uendra på 5.000 daa, alternativt at det kan reduserast til minimum 4.000 daa. Om minstearealet for elg fortsatt skal vere 5.000 daa vil det vere nødvendig å halde fram med å nytte 50%- regelen i § 7 i hjorteviltforskrifta for dei delane av kommunen som har størst elgbestand.

Vårdalen grunneigarlag/ Vårdalen utmarkslag foreslår ein reduksjon i minstearealet for hjort frå 2000 til 1000 daa. Dei to siste åra har minstearealet vore mellombels redusert til 1.500 daa, sjå saksutgreiinga ovanfor. Saksbehandlar deler oppfatninga om at gjeldande minsteareal for hjort på 2.000 daa bør reduserast permanent. Dette bør skje for heile kommunen, da hjortebestanden jamt over er svært stor, t.d. i Nedre Bøverdalen der det var rekorduttak av hjort i 2020. Det vart likevel rapport om flokkar på opptil 40 dyr på innmarka etter at jakta var avslutta. Spørsmålet blir da om minstearealet bør reduserast ut over 1.500 daa. Ei noko større reduksjon, ned til t.d. 1.250 daa kan vurderast, men saksbehandlar si oppfatning er at det ikkje er grunnlag for ein reduksjon til 1.000 daa – noko som ville medføre ein samla fellingskvote for kommunen på 294 hjort.

Framlegget blir grunngjeve med at minsteareala for jakt på hjort, eventuelt også for elg, bør justerast slik at dei står i forhold til den faktiske bestandsstorleiken og –utviklinga i Lom kommune, og at ein reduserer ulemper og konflikhtar knytt til jord- og skogbruksinteresser og viltpåkjørslar.